

## **Referat FAU-møte Bryne skule**

**Til stades:** Jone Siqveland, Marlen Erga-Frøyland, Kay Even Siqveland, Berit Hetland Nersten, Toril Øgreid, Thomas Rake, Jarl Ove Frivold, Magda Line

**Tid:** Måndag 04.11.24 kl.19.00-20.00

**Sted:** Bryne skule, møterom

**Sakar:**

**Hilserunde**

**Gjennomgang årshjul**

**Informasjon frå rektor**

451 elevar per i dag, 20-25 elevar i innføringsgruppe.

Tilsettingar. 1 som var heilt ny etter oppstart til hausten. Stabilitet i personalet. Sambruk med kulturskulen. Kapasiteten til Bryne skule er rundt 500 mtp sambruk og innføringsklasse.

Det har vore uvedkomande inne på kveldstid i gymsalbygget, men overvåkingskamera har vist kven det er og saka er handtert.

Idas hjelpefond - Ida var kjempegod og engasjerande når ho var på skulen. Tilsette ønskjer at det skal vere litt meir forpliktande overfor elevane. FAU har tidlegare uttrykka at dei ikkje ønskjer for mykje fokus på pengar. Kan ein skilje mellom informasjon til heimane og informasjon til elevane? Rektor sender melding til foreldra med påminning om vipps.

Økonomi i Time kommune. Time kommune går med underskudd. Alle i organisasjonen ser på pengebrauken. Elevane skal ikkje få eit dårlegare tilbod.

Individ - fellesskap. Ny opplæringslov. Enkeltvedtak dette året er skrive i gamal opplæringslov, men neste år vil dei bli skrivne etter ny opplæringslov. Spørsmål frå FAU om kva dette vil bety for elevane det gjeld? I nokre tilfeller ingen endring, for andre meir støtte i fellesskapet i stedet for knyta opp mot enkeltelev. Kompetanseheving hjå personalet? Arbeider med dette.

**30/24 Skolemelk** (elevråd ønsker sjokolademelk). Rektor har lova å ta opp saka ei gong til med FAU (5 minutt)

Vedtak: FAU tenkjer at elevrådet har gode argument. FAU ønskjer å lytte til elevane og seier ja til kakaomjølke og juice. FAU ønskjer ikkje for stort utval mtp økonomisk press på foreldra. Smoothie er så pass mykje dyrare at dette seier FAU nei til.

**31/24 Høring skolekrinsgrenser** (15-20 minutt)

Sende samla svar frå Bryne skule med stemmen til elevråd, FAU/SU, tilsette.

Høyring - alternative faste skulekrinser i Time kommune.

Barneskulane: FAU ønskjer alternativ 1 Uendra skulekrinsar for Bryne skule, Rosseland skule og Hognestad skule.

Ungdomsskulane: FAU ønskjer alternativ 4 Heile Norheim grunnkrets til Vardheia ungdomsskule.

### **29/24 Evaluering foreldremøter haust 24**

Gjennomgang av foreldremøtene på dei ulike trinna.

1.trinn Først felles og lpad etterpå. Ryddig, greit og godt opplegg. Litt langt møte.

2.trinn Heilt greit, diskusjon rundt kulturbanken som privat aktør.

3.trinn Greitt møte, reaksjon på kulturbanken. Kjekt på 3.trinn å vere i klasseroma og diskutere aktuelle tema som når dei skal gå til skulen sjølv, ta ansvar for skulesekken sjølv mm. Dialogspel.

4.trinn Heilt greit, diskusjon rundt kulturbanken som privat aktør.

5.trinn Utsett for press, sosiale medier og apper. Ulike grupper, språk og nasjonale prøver.

6.trinn Leirskule. God gjennomgang.

7.trinn Skal ha møte neste veke. Kurs Sterk og klar.

FAU ønskjer generelt sett at møtene ikkje varer meir enn 1 time. Klassedelen er viktig. FAU-representant frå trinnet presenterer seg sjølv og seier litt om kva FAU gjer på haustmøtet.

### **Eventuelt**

- Trafikkvakter  
Nokre trinn/klasser som ikkje har meldt inn til Jarl Ove enda. Visma-melding frå Gunn-Rita til trinna det gjeld. Påminning til alle foreldra på skulen om at trafikkvaktordninga går i gang veke 46.
- Brønnøysundregisteret
- Reflekskonkuranse - FAU ber skulen organisere dette i lag med elevrådet, FAU stiller med premie

### **Sakar til neste møte:**

- Testing 1.trinn og andre kartleggingsprøver - Jone orienterer neste møte.

**Neste møte 2.desember kl.19 på Bryne skule møterom**

Referent: Toril Øgreid